

SKISAMLING KORLEVOLL 4 - 6. januar 2013

Vi har etter kvart fått tradisjon for å ha treningssamling første helga i januar på Korlevoll. Dette har vore kjekke helger og ein fin oppstart før sesongen. Dette ønskjer vi å vidareføre og inviterer med dette til ny skihelg på Korlevoll i januar.

Invitasjonen går til aktive langrennsutøvarar i Rosendal, Omvikdalen og Uskedalen.

Påmeldingsfrist 20. desember 2012.

Påmelding til grete.solheim@hotmail.com

Pris for helga vil vere kr 600,- per deltakar.

Prisen vil dekke overnatting fredag-søndag + alle måltid(middag fredag, frokost, lunsj og middag lørdag og frokost + lunsj søndag)

Avreise frå Rosendal fredag kl 16.30

Transport i egne privatbilar.

Retur søndag ca. kl 16.00



Vi planlegger ei økt fredag, to økter laurdag og ei økt søndag.

Det er maks 30 sengeplasser på Korlevoll hytta, så her gjelder det å vere raskt ute med påmelding.

Vi håper klubbane kan stille med nokre trenarar slik at vi kan få oppdelt gruppene etter alder og slik sikre ei god gjennomføring for alle.

Husk å ta med:

- Ski og stavar for klassisk og skøyting.
- Skia skal vera ferdig sikla og børsta.
- Festesmurning, kork og skrape.
- Skisko, til klassisk og skøyting
- Innesko/tøfler til å bruke inne
- Treningskle, fleire par
- Hansker og luer
- Toalettsaker , handkle
- Drikkebelte
- Matpakke til fredag (middag på kvelden etter økta)
- Sovepose, laken evt putetrekk. (Det er madrasser og puter på hytta)
- Godt humør og treningsiver!

Helsing frå

Skigruppa i Rosendal

Ann-Torunn, Helge, Grete og Åsmund